

*Kong Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov*, utgitt ved Magnus Rindal og Bjørg Dale Spørck, Arkivverket, *Norrøne tekster* nr. 9, Oslo 2018  
Digital versjon av retningslinjer, Nasjonalbiblioteket, Oslo 2022

---

# **Retningslinjer for tekstattgjeving og variantføring (2018)**

## **Tekstattgjeving**

Hovudteksten er trykt bokstavrett etter Holm perg 34 4°, og variantane bokstavrett etter det varianthandskriftet som står først.

Grafiske variantar, som for eksempel rund *r*, er ikke registrerte. Det er heller ikke ligaturar. Kapitélar er særskilt markerte etter vokal.

Store og små bokstavar bli attgjevne etter handskriftet. Det same gjeld interpunksjonen.

Oppløyste forkortinger er kursiverte, og attgjevne normalisert.

Ord eller bokstavar som er eliminerte, er markerte.

Usikker lesemåte er markert med underprikking.

Linjeskift i handskriftet er markert med /. Sideskift er markert med \\, og sidetalet står i margen.

I margen er det også vist til kapitteltal i NGL. Inne i teksten er nytt kapittel markert med #.

Manglande tekst er markert med {...}.

Tilføyinger over eller under linja blir markerte med apostrofar, som i eksemplet 'maðr'.

## **Variantar**

Som variant reknar vi all variasjon som potensielt endrar meiningsinnhaldet. Alle tillegg eller utelatingar blir tekne med.

Ombytingar eller flyttingar blir normalt ikkje tekne med. Større flyttingar, som av kapittel, blir tekne med.

Utbyping av eit ord med eit anna blir normalt teken med.

Variasjon i kasus, numerus, tempus eller modus blir rekna som variant.

Variantane står med notenummer etter dei aktuelle orda/periodane i hovudteksten, og sjølv varianten står som note nedst på den aktuelle sida.

Notenummereringa blir nullstilt og startar på nytt for kvar bokl i landslova.

Normalt gjeld notenummeret nærmast føregåande ord. Når noten gjeld meir enn eitt ord, blir det markert på ein av desse to måtane: 1. Det bli sett [ i hovudteksten framfor første ordet i den sekvensen noten gjeld. 2. Starten på sekvensen er i noten markert med fra, som her tyder «frå og med».

Når ein lesemåte i variantapparatet finst i fleire handskrifter, er skrivemåten den som finst i det handskriftet som er nemnt først.

I variantapparatet er handskriftene først ordna alfabetisk etter bokstavsignaturane, dinest etter stigande talsignatur. Det er sett semikolon mellom handskrifter frå ulike redaksjonar, og komma mellom handskrifter av 14 Kong Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov same redaksjon. I det siste tilfellet blir hovudbokstaven (B, E, F, G) ikkje teken opp, dvs. at «Ba, b, c» tyder «Ba, Bb, Bc». Vi bruker desse forkortingane: mgl. = «mangler», o.l. = «over linjen», tilf. = «tilføyer/tilføyd», y.h. = «yngre hånd».

Dei variantane som manglar i eitt eller fleire handskrifter, blir sette til slutt, som i «Nu Ba, b, c; Ga, b, c; Enn Bd, e, f; Ea, b, c; mgl. Bg; Ed; Gd».